

ORDNING FOR

Dåp

Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja

Dåp

1. Dåpssamtale og dåp vert gjennomført i samsvar med Forfatning for Den Evangelisk Lutherske Frikyrkja og Reglement for dåp og kyrkjelyden si kristendomsopplæring, samt Lov om trudomssamfunn.
2. Fadder- og forbedaransvaret vert utført i tråd med rettleiingsbrosjyra: *Fadder- og forbedaransvar i Frikyrkja*.
3. Dåp utan at kyrkjelyden er til stades: Der sjukdom eller anna er til hinder for at dåpen kan bli utført i nærvær av kyrkjelyden, kan ein forretta dåp ein annan høveleg stad. I desse tilfella vert kyrkjelyden oppmoda til forbøn for dei døypte ved ei gudsteneste så snart som råd etter dåpen.
4. Salmar: Lovsongar til Gud som skapar, Kristus som frelsar og Den heilage ande rettleiar, bønnerop, lovprisingsvers, forkynnande songar og åndelege viser. Desse vert primært framført av kyrkjelyden i fellesskap, men kan også bli sunge av kor/korgrupper, solistar o.a. Salmen skal understreka den bibelske karakteren i dåpshandlinga og hjelpa dei frammøtte til å tru Guds ord og vilje.

Dåp av born

1. Dåp vert til vanleg forretta under gudstenesta. Det er ønskjeleg at ein av foreldra ber barnet til dåpen.

2. Før gudstenesta begynner, tek foreldre og eventuelle personlege fadrar/forbedarar plass i kyrkja – bortsett frå den som skal bera barnet.
3. Når barnet vert bore inn i kyrkja, kan ein person følgja den som ber barnet.
4. Dåpsfølget kan førast inn i kyrkja av ein diakon eller ein annan representant for kyrkjelyden. Vedkomande kan bera dåpskanna og setja ho i døypefonten.
5. Dåpsfølget tek plass etter skikken på staden.
6. Medan barnet vert bore inn, syng ein dåpssalma, eller det blir framført høveleg instrumental- eller vokalmusikk.
7. Dåpslua tek ein av før barnet vert bore fram til døypefonten.
8. Ved dåpshandlinga nemner ein berre fornamn (utan mellomnamn eller slektsnamn), men det fulle namnet tek ein med i kunngjeringane i gudstenesta.
9. *Kursivering* vil seia at liturgen skal tilpassa orda til den aktuelle situasjonen med omsyn til kjønn og tal, for eksempel han / ho / henne/ det / dei/ osv.
10. Alternativ dåpsform: Dåp kan bli utført med full neddykking viss foreldra ønskjer det. Det kan gjerast på følgjande måte:
 - Kyrkjelyden må få ein passande døypefont, stor som dei badekara i plast som blir bruka til små born. Dette bør ein kle fint inn med kvitt stoff som dekkjer badekaret/døypefonten og det han kviler på.
 - Foreldra kjem inn med barnet som vanleg, men barnet er nake og lagt i eit handkle/passande klede som dekkjer barnet.
 - Ein følgjer den ordinære liturgien. Ved dåpen vert det nakne barnet rekt til den som forrettar. Liturgen kan blåsa på andletet til barnet (det vil da lata att munnen) før barnet raskt vert dykt under i vatnet. Liturgen kan så seia: «Gravlagt med Kristus. Oppreist med Kristus»

- Etter dåpshandlinga blir barnet kledd i dåpskjolen sin. Då dette kan ta litt tid, rår ein til at kyrkjelyden syng ein salme etter Fadervår, og at ein startar med punkt 8 etter at barnet er kledd i dåpskjolen.

1 Dåpssalme

2 Helsing

L Kyrkjelyden gler seg i dag over å få ta imot *dette barnet* til dåp. Ved dåp og tru vil Gud gje *henne/han* del i frelsa og ta *henne/han* inn i si kristne kyrkje. I livet saman med Gud og hans folk skal *hol/han* veksa i tru, kjærleik og lydnad mot Herrens vilje.

3 Bøn

Her kan ein be:

L Lat oss be.

Gud, vi takkar deg for den gåva livet er og for *dette barnet* som vi i dag ber fram for ditt andlet.

Kvart menneske er skapt i ditt bilete, og er di gåve til foreldra og det fellesskapet som *hol/han* skal leva i.

Gjev oss alle å elska og verna *dette barnet* etter din gode vilje. Hjelp oss å gje din kjærleik til dei borna som vi har fått ansvar for. Og gje di støtte og kraft til foreldra.

4 Skriftlesing

L Lat oss høyra vår Herre Jesu Kristi bod om den heilage dåpen: Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står. *Matt 28,18-20*

Lat oss høyra kor venleg den Herre Jesus Kristus tek imot borna og bed dei til seg:

Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei, men læresveinane viste dei bort. Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei: «Lat småborna koma til meg, og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.» Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei.

Mark 10,13-16

Med takk og tru ber vi difor borna våre til Herren i den hellige dåpen. Dei er fødde med menneskeslekta si synd og skuld, men i dåpen og ved trua på Jesus Kristus vert dei Guds born, fødde på nytt ved Den heilage ande.

5 Forsakinga og trua

L Lat oss vedkjennast forsakinga og trua som vi døyper borna våre til.

Kyrkjelyden reiser seg.

A Eg forsakar djevelen
og alle hans gjerningar
og alt hans vesen.

Eg trur på Gud Fader, den allmektige,
som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande,

fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagt,
fór ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmechtige Fader,
skal koma att derifrå
og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen
og evig liv.
Amen.

Kyrkjelyden set seg.

6 Dåpshandlinga

Liturgen står ved døypefonten. Vatnet vert helt oppi.

Her kan ein be:

L Herre Jesus Kristus, du har sagt at ingen kan koma inn i Guds rike utan å bli fødd av vatn og ande. Vi takkar deg fordi dåpsvatnet ved ditt ord er ei nådekjelde, der du sameinar oss med deg og gjev oss del i den siger du vann då du døydde og stod opp att. No kjem vi på ditt ord og bed deg, Herre, lat den nye fødselen skje ved din skapande Ande. Vi bed deg for *dette barnet* som vi i dag legg i hendene dine. Lat *hennel*

han veksa opp i di kyrkje som ditt barn. Lær *hennelhan* å frykta og elska deg. Leid *hennelhan* ved din Ande og vara *hennelhan* frå det vonde.

Foreldra ber barnet fram til døypefonten saman med eventuelle personlege fadrar (forbedarar).

L Kva heiter barnet?

Den som ber barnet, seier fornamnet.

L Vil de at (fornamnet) skal døypast til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og opplærast i den kristne forsaking og tru?

Den som ber barnet, svarar: Ja.

L Gud vare din utgang og din inngang frå no og til evig tid. Eg teiknar deg med det heilage krossmerket, ✝ til eit vitnemål om at du skal høyra den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus til og tru på han.

Krossen vert teikna frå panne til bryst, og deretter frå side til side.

(Namnet nemnast). Etter vår Herre Jesu Kristi ord og føresegn døyper eg deg til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

Medan dette vert sagt, auser liturgen med handa vatn over barnet sitt hovud tre gonger.

Deretter legg han handa på barnet sitt hovud og seier:

L Evige, allmechtige Gud. I dåpen har du gjeve oss barnekår hos deg

så vi kan rope Abba, Far. Vi bed deg: Fyll *hennel/han* som no er døypt, med Andens kraft og gåver. Lat *hennel/han* alltid vera eit tempel for deg og ein bustad for din Heilage ande.

Herren velsigne deg og vare deg.

Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt andlet mot deg og gje deg fred.

A Amen.

7 Lovprising og bøn

Anten **A**

L Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde, *1 Pet 1,3*

Eller **B**

L Den heilage skrifta seier:

Eller veit de ikkje at alle vi som vart døypte til Kristus Jesus, vart døypte til døden hans? Vi vart gravlagde med han då vi vart døypte med denne dåpen til døden. Og slik Kristus vart oppreist frå dei døde ved sin Fars herlegdom, skal vi òg vandra i eit nytt liv. *Rom 6,3-4*
Slik lyder Herrens ord.

L Lat oss takka og be.

Herre Gud, himmelske Far, du har lova at du vil vera vår Gud og syna di miskunn mot slekt etter slekt. Vi bed deg, hjelp oss å strida den gode striden, fullenda løpet og halda fast i trua. Før oss fram til det evige livet ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre.

Viss Herrens bøn ikkje blir beden seinare i gudstenesta, blir den beden her.

L Lat oss saman be Herrens bøn.

A Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt,

og makta og æra i all æve.

Amen.

8 Dåpsforplikting

Liturgen oppfordrar foreldre, kyrkjelyd og eventuelle personlege faddrar/forbedarar til å gje barnet kristen omsorg og be for barnet. Han kan ta barnet i armane og, vendt mot foreldre og kyrkjelyd, seia:

L Kjære foreldre og kyrkjelyd. Gjennom dåpen er *dette barnet* blitt fødd på nytt. Og som Guds barn er *hol/han* ein umisteleg del av Kristi lekam i verda, Guds kyrkjelyd.

L Som teikn på dette, tenner vi dåpslyset som vi gjev dykk. Dette lyset kan de tenna på dåpsdagen som eit teikn på at *hol/han* skal vandra i Kristi lys som eit barn av lyset.

Diakonen eller ein annan representant for kyrkjelyden tek dåpslyset, tenner det frå altarlyset (eller anna stort lys) og gjev det til dåpsfamilien.

L Som foreldre, fadrear og kyrkjelyd har vi no del i eit heilagt ansvar: å be for *hennelhan* og hjelpa *hennelhan* til å bruka Guds ord og Herrens nattverd, for at *holhan* kan bli hos Kristus, slik som *holhan* no ved den heilage dåpen er blitt sameina med ham.

9 Salme

* * *

Dåp av vaksne

1. Dåp vert til vanleg forretta under gudstenesta .
2. Før gudstenesta begynner, tek familie og eventuelle personlege fadrear/forbedarar plass i kyrkja.
3. Dåpskandidaten kan bera kvit kappe.
4. Dåpskandidaten kan bli ført inn i kyrkja av ein diakon eller ein annan representant for kyrkjelyden som kan bera dåpskanna og setja ho i døypefonten.
5. Dåpsfølget tek plass etter skikken på staden.
6. Medan dåpskandidaten vert ført inn, syng ein dåpsalmen eller det blir framført eigna instrumental- eller vokalmusikk.
7. Ved dåpshandlinga nemner ein berre fornamnet til dåpskandidaten (utan mellomnamn eller slektsnamn), men det fulle namnet vert teke med i kunngjeringane i gudstenesta.
8. Dåp utan at kyrkjelyden er til stades: Der sjukdom eller anna er til hinder for at dåpen kan bli utført i nærvær av kyrkjelyden, kan ein forretta dåp ein annan høveleg stad. I desse tilfella vert kyrkjelyden oppmoda til forbøn for dei døypte ved ei gudsteneste så snart som råd etter dåpen.
9. Alternativ dåpsform: Dåp kan bli utført med full neddykking dersom dåpskandidaten ønskjer det. Dette inneber for dei fleste av kyrkjelydane våre at ein må nytta seg av eit dåpsbasseng i eit anna

kyrkjehus. Til dåpshandlinga brukar både forrettande liturg og dåpskandidaten kvite dåpsklede. Dåpen vert utført slik:

- Dåpskandidaten foldar hendene. Liturgen seier: Etter vår Herre Jesu Kristi ord og føresegn døyper eg deg til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.
- Liturgen står vendt mot kyrkjelyden og legg høgre eller venstre arm under ryggen til dåpskandidaten som legg seg ned i vatnet, bakover, slik at heile kroppen, også hovudet, vert dekt av vatnet. Liturgen hjelper til slik at dåpskandidaten straks får reist seg att. Liturgen kan så seia: ”Gravlagt med Kristus. Oppreist med Kristus”
- Ein følgjer så punkt 7 medan begge blir ståande i dåpsbassenget.
- Punkt 8 følgjer etter at liturgen og den døypte har skifta og kome tilbake til kyrkjesalen. Medan liturgen og den døypte skifter, kan ein syngje ein salme (punkt 9) eller lytte til eigna instrumental- eller vokalmusikk.

10. *Kursivering* vil seia at liturgen skal tilpassa orda til den aktuelle situasjonen med omsyn til kjønn og tal, for eksempel han / ho / henne / det / dei / osv.

1 Dåpssalme

2 Helsing

L Kyrkjelyden gler seg i dag over å få ta imot deg (Namnet vert nemnt) til dåp. Ved dåp og tru får vi del i frelsa og blir tekne inn den kristne kyrkja. I livet saman med Gud og hans folk skal vi veksa i tru, kjærleik og lydnad mot Herrens vilje.

L Då *du* ved Guds nåde er komen til tru på sanninga i Guds ord, vil vi no i vår Herre Jesu namn innlemma *deg* i den truande kyrkja ved den heilage dåpen. I denne kyrkja vil Gud sjølv ved sin heilage Ande

halda *deg* oppe i ei levande tru. Han som begynte ei god gjerning i *deg*, vil fullføra henne inntil Jesu Kristi dag.

3 Bøn

Her kan ein be:

L Lat oss be.

Gud, vi takkar deg for den gåva frelsa er, og for trua du skaper i hjarta våre ved ditt heilage ord. Hald oss oppe i ei levande tru til det evige liv.

4 Skriftlesing

L Lat oss høyra vår Herre Jesu Kristi bod om den heilage dåpen:

Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står. *Matt 28,18-20*

Med takk og tru kjem vi til Herren i den heilage dåpen. Vi er fødde med menneskeslekta si synd og skuld, men i dåpen og ved trua på Jesus Kristus vert vi Guds born, fødde på nytt ved Den heilage ande.

5. Forsakinga og trua

Dåpskandidaten reiser seg på plassen sin.

L (Namnet blir nemnt), vil du saman med den kristne kyrkja vedkjennast forsakinga og trua som du vert døypt til?

Dåpskandidaten: Ja.

Spørsmålet vert stilt til kvar enkelt dåpskandidat.

L La oss vedkjennast forsakinga og trua.

Kyrkjelyden reiser seg.

A Eg forsakar djevelen
og alle hans gjerningar
og alt hans vesen.

Eg trur på Gud Fader, den allmechtige,
som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagt,
fór ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmechtige Fader,
skal koma att derifrå
og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen
og evig liv.
Amen.

Kyrkjelyden set seg.

6 Dåpshandlinga

Liturgen står ved døypefonten. Vatnet vert helt oppi..

Her kan ein be:

L Herre Jesus Kristus, du har sagt at ingen kan koma inn i Guds rike utan å bli fødd av vatn og ande. Vi takkar deg fordi dåpsvatnet ved ditt ord er ei nådekjelde, der du sameinar oss med deg og gjev oss del i den siger du vann då du døydde og stod opp att. No kjem vi på ditt ord og bed deg, Herre, lat den nye fødselen skje ved din skapande Ande. Vi bed deg for *hennelhan* som vi i dag legg i hendene dine. Hald *hennelhan* fast i trua på deg. Lær *hennelhan* å frykta og elska deg. Leid *hennelhan* ved din Ande og vara *hennelhan* frå det vonde.

Dåpskandidaten går fram til døypefonten saman med eventuelle personlege faddrar (forbedarar), der ho/han blir ståande eller knelar.

L (Namnet), vil du bli døypt til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande?

Dåpskandidaten: Ja.

L Gud vare din utgang og din inngang frå no og til evig tid.
Eg teiknar deg med det heilage krossmerket, †
til eit vitnemål om at du skal høyra den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus til og tru på han.

Krossen vert teikna frå panne til bryst, og deretter frå side til side.

(Namnet). Etter vår Herre Jesu Kristi ord og føresegn døyper eg deg til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande.

Medan dette vert sagt, auser liturgen med handa vatn over dåpskandidaten sitt hovud tre gonger og seier:

L Evige, allmektige Gud. I dåpen har du gjeve oss barnekår hos deg så vi kan rope Abba, Far. Vi bed deg: Fyll *hennelhan* som no er døypt, med Andens kraft og gåver. Lat *hennelhan* alltid vera eit tempel for deg og ein bustad for din Heilage ande.

Herren velsigne deg og vare deg.

Herren la sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt andlet mot deg og gje deg fred.

A Amen.

7 Lovprising og bøn

Anten **A**

L Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde, *1 Pet 1,3*

Eller **B**

L Den heilage skrifta seier:

Eller veit de ikkje at alle vi som vart døypte til Kristus Jesus, vart døypte til døden hans? Vi vart gravlagde med han då vi vart døypte med denne dåpen til døden. Og slik Kristus vart oppreist frå dei døde ved sin Fars herlegdom, skal vi òg vandra i eit nytt liv. *Rom 6,3-4*

Slik lyder Herrens ord.

L Lat oss takka og be.

Herre Gud, himmelske Far, du har lova at du vil vera vår Gud og syna di miskunn mot slekt etter slekt. Vi bed deg, hjelp oss å strida den

gode striden, fullenda løpet og halda fast i trua. Før oss fram til det evige livet ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre.

Viss Herrens bøn ikkje blir beden seinare i gudstenesta, blir den beden her.

L Lat oss saman be Herrens bøn.

A Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt,

og makta og æra i all æve.

Amen

8 Dåpsforplikting

Liturgen oppfordrar kyrkjelyd og eventuelle personlege fadrar/forbedarar til å gje den døypte kristen omsorg og be for *henne/han*. Til dømes ved å vend seg mot kyrkjelyden og den døypte og seia:

L Kjære kyrkjelyd. Gjennom dåpen er (namnet) blitt fødd på nytt. Og som Guds barn er *hol/han* ein umisteleg del av Kristi lekam i verda, Guds kyrkjelyd.

L Som teikn på dette, tenner vi dåpslyset som vi gjev deg. Dette lyset kan du tenna på dåpsdagen som eit teikn på at *du* skal vandra i Kristi lys som eit barn av lyset.

Diakonen eller ein annan representant for kyrkjelyden tek dåpslyset, tenner det frå altarlyset (eller anna stort lys) og gjev det til den døypte.

L Som (foreldre, fadrar og) kyrkjelyd har vi no del i eit heilagt ansvar: å be for *hennelhan* og hjelpa *hennelhan* til å bruka Guds ord og Herrens nattverd, for at *holhan* kan bli hos Kristus, slik som *holhan* no ved den heilage dåpen er blitt sameina med ham.

9 Salme

* * *